



Fjordlaks AS
Postb. 1107 Sentrum
6001 Ålesund

Revisjonsrapport – 2014.002.R.FMMR

Revisjon hos Fjordlaks AS og Fjordlaks Aqua AS

Dato for revisjonen: 17. – 18. juni 2014

Kontaktpersoner ved revisjonen

Frå verksemda:
Svein Flølo
Andreas Austnes

Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:
Reidun Sofie Schei
Anne Grete Kleven

Resultat frå revisjonen

Denne rapporten omhandlar dei avvik og merknader som vart funne innan dei reviderte områda av det systematiske helse, miljø og sikkerhetsarbeidet (HMS) i verksemda. Desse vart presentert på slutt møte hos verksemda 18.06.14.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal avdekkja **5** avvik og **1** merknad under revisjonen.

Desse er nærmare omtala frå side 4 og utover i rapporten.

For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saken, må verksemda sende dokumentasjon på at avvika er retta innan 01.11.14. Oppfølging etter revisjonen er nærmare beskrive på side 3.

Vi vil til slutt nytte høvet til å takke for god mottaking og godt samarbeid under revisjonen.

Med helsing

Anne Melbø
fagansvarleg

Reidun Sofie Schei

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:

Ålesund kommune Postboks 1521 6025 Ålesund

1. Informasjon om verksemda

Organisasjonsnr (undereining): 973170856	Eies av: 923957413
Besøksadresse: Fjordgata 52, 6005 ÅLESUND	Telefon: 70 10 38 00
Bransjenr. (NACE-kode): 10.201 – produksjon av saltfisk, tørrfisk og klippfisk	E-post: firmapost@fjordlaks.no

Kontrollerte anlegg

Namn: Fjordfisk AS	Anleggsnr.: 1504.0043.01
Kommune: Ålesund kommune	Anleggsaktivitet: Fiskeforedling
Kontroll nr.: 2014.002	Risikoklasse: 3
Løye gitt: 03.03.10	-

Namn: Fjordlaks Aqua AS	Anleggsnr.: 1504.0184.01
Kommune: Ålesund kommune	Anleggsaktivitet: Fiskeforedling
Kontroll nr.: 2014.002	Risikoklasse: 3
Løye gitt: 03.03.10	-

2. Revisjonens omfang

Rapporten er utarbeida etter ein revisjon ved Fjordlaks i perioden 17. – 18. juni 2014. Revisjonen er ein del av Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin planlagde kontrollverksemd for året.

Formålet med revisjonen var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet fungerer tilfredsstillande, og om verksemda har ein tilfredsstillande styring med aktivitetar som er viktige for det ytre miljø. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har blant anna undersøkt om:

- Verksemda sitt system for internkontroll er formålstenleg og presist
- Aktivitetar vert gjennomført slik som verksemda seier (både skriftleg og munnleg)
- Verksemda når sine mål og driv innanfor eigne rammer og rammer som styresmaktene har sett

Revisjonen vart gjennomført ved:

- Gransking av dokument
- Intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen
- Synfaring
- Verifisering (ved stikkprøvekontroll) at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis

Hovudtema for kontrollen var:

- Internkontroll
- Risikovurdering
- Utslepp til vatn
- Farleg avfall/ avfallshandtering
- Utleppskontroll
- Energieffektivisering
- Substitusjon

Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko seie for ytre miljø, vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak. Denne rapporten omhandlar avvik som vart funne under revisjonen og gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar

Avvik: Overtrede av krav fastsatt i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivninga (til dømes krav i forurensningsloven, forskrift heimla i forurensningsloven, internkontrollforskrifta eller krav og vilkår fastsatt i utsléppsløyve eller dispensasjonar, samt verksemda sine eigne rutinar for å oppfylle styresmaktene sine krav)

Merknad: Eit forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen på avvik, men som tilsynsetatane meiner det er rett å påpeike då det har eller kan ha noko å seie for å ta vare på det ytre miljø.

3. Oppfølging etter revisjonen

Verksemda pliktar snarast å rette opp dei avvik som vart funne. For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saken, må verksemda sende oss dokumentasjon på at avvika er retta innan **01.11.14**.

Vi ber dykk om å stile svarbrevet eller e-post (postmottak@fmmr.no) til Fylkesmannen i Møre og Romsdal merka med saksnummer.

4. Gebyr for revisjonen

Verksemda var ved denne revisjonen plassert i gebyrsats 3, jf. førehandsvarsel i brev datert 13.05.14. Etter gjennomført revisjon er varslet gebyrsats endra til gebyrsats 4 på bakgrunn av fylkesmannen samla ressursbruk. Dette vil seie at verksemda må betale kr. 46.200 - i gebyr for den gjennomførte kontrollen.

Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet. Vedtaket om gebyr er gjort med heimel i § 39-8 i forureiningsforskrifta.

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, blir for mykje innbetalt beløp refundert. Faktura med innbetalingsblankett vert sendt ut frå Miljødirektoratet. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

5. Offentligheit i forvaltninga

Denne rapporten vil være tilgjengeleg for offentligheita via postjournal til Fylkesmannen i Møre og Romsdal (jf. offentlighetsloven).

Kopi av rapporten sendes også til:

- Ålesund kommune

6. Funn

Avvik

Vi fant desse avvika under revisjonen:

Avvik 1

Verksemda har ikkje konkrete mål for ytre miljø

Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd pkt. 4
- Utsleppsløyve datert 03.03.10, pkt. 2.5

Kommentarar:

Måla som er satt av verksemda som gjeld ytre miljø, er ikkje konkrete og etterprøvbare. Det blir derfor vanskeleg for verksemda å vurdere om måla vert nådd eller ikkje. Sorteringsgrad og spesifikt energibruk er døme på parametarar som kan bli følgt opp med eit måltal.

Avvik 2

Miljørisikovurderinga er mangelfull

Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd pkt. 5
- Utsleppsløyve datert 03.03.10, pkt. 10.1

Kommentarar:

Det er gjennomført risikovurdering for begge anlegga i forhold til ytre miljø, men vi kan ikkje finne at lagring av maursyre og klor er tatt med. Prosedyre for handtering og lagring av kjemikaliar beskriv ikkje korleis maursyre og klor skal lagrast forsvarleg.

Det fins heller ikkje ei skriftlig prosedyre for å unngå luktutslepp frå graks.

Avvik 3

Avvikshandtering i forhold til ytre miljø er mangelfull

Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd pkt. 7
- Utsleppsløyve datert 03.03.10, pkt. 2.5

Kommentarar:

Avvikssystemet er beskrevet i IK-Miljø, men vi finner ikke at dette er tatt i bruk når det gjelder ytre miljø.

Avviksprosedura nemner til dømes ikke håndtering av naboklagar.

Avvik 4

Energistyringssystemet er ikke på plass

Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd pkt. 5
- Utsleppsløyve datert 03.03.10, pkt. 8.1

Kommentarar:

Verksemda har byrja på arbeidet med å få på plass eit energistyringssystem. Per i dag oppfyller ikke verksemda krav sett i utsløpsløyva som omhandlar energistyringssystem.

Avvik 5

Måleprogram for utsløpp til sjø er mangelfull

Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd pkt. 1 og 3
- Utsleppsløyve datert 03.03.10, pkt. 11.1

Kommentarar:

Totalt årleg utsløpp

Verksemda rapporterer ikke totalt årleg utsløpp i eigenkontrollrapporten og tinevann frå klippfiskproduksjonen er heller ikke teke med i berekning av årleg utsløpp.

Fordeling av utslipp mellom dei to fabrikkane

Korleis utslippa til Valderhaugfjorden fordelast mellom dei to fabrikkane skal òg beskrivast i måleprogrammet.

Målefrekvens

Måleprogrammet har ikkje grunngjeve målefrekvensen.

Frekvensen skal veljast slik at målingane gir konsentrasjonar og mengder som representerer det verkelege utslippet. Viss mengde eller konsentrasjonane varierer mykje, må ein taka fleire prøver enn om variasjonane er mindre. I tillegg må det takast fleire prøver om usikkerheita i målingane er stor.

Prosessusikkerheit/måleusikkerheit:

Måleprogrammet inneheld ikkje ei tilstrekkeleg beskriving av korleis usikkerheita i prøve-uttak, analyse og berekningar er vurdert. Dei nye krava til utslippskontroll inneheld ikkje krav om at usikkerheit skal bereknast, men måleprogrammet skal innehalde ei vurdering av dei faktorane som tel med i usikkerheita.

For å få mest muleg representative målingar, skal måleusikkerheit reduserast til eit akseptabelt nivå. Det akseptable nivået avheng av utslippetets betydning for miljøet, kva som er praktisk å gjennomføre og kostnadene for å redusere usikkerheita. Val av akseptabelt nivå skal grunngjevast i måleprogrammet.

Akkreditert eksternt firma

Standardar som laboratoria nyttar skal nemnast i måleprogrammet

Berekning av årlege utslipp i eigenkontrollrapporten

Måleprogrammet manglar ei beskriving av korleis konsentrasjonar og mengder som er rapportert i Altinn, er berekna. Programmet må innehalde ei beskriving av korleis årlege middelveidiar og maksimalverdiar er berekna med dei utførte målingane.

*Merknader***Merknad 1**

Det er uklår beskriving i IK – systemet av ansvarsforhold når det gjeld HMS. Kan det være noko å hente på å beskrive dette klarare, og å vurdere samordning av felles aktivitetar?

Både hovudverksemda Fjordlaks AS og dotterselskapet Fjordlaks Aqua AS som er omfatta at denne revisjonen, har kvart sitt løyve frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Under Fjordlaks AS er løyvet satt for kvitfiskproduksjon, mens det for Fjordlaks Aqua er satt løyve som omhandlar oljeproduksjon og ørretslakteri. Begge verksemdar nyttar same reinseanlegg og utslppsleidning.

Samanhengen mellom dei ulike internkontrollsystema og kven som har ansvar for desse, er uklår. Det er òg vist eit tredelt ansvar på dei som sitt på HMS avdelinga.

Fjordlaks AS har ansvar for samordning av aktiviteten som gjeld HMS og felles infrastruktur /avtalar.

7. Andre forhold

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser at det har skjedd mykje positivt når det gjeld arbeidet med ytre miljø i verksemda, og at det har fått eit auka fokus.

Vi vurderer å oppdatere utsleppsløyva.

8. Gjennomføring

Revisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

- Verksemda vart varsla om revisjonen per telefon 08.05.14 og gjennom brev datert 13.05.14.
- Opningsmøte 17.06.14: Orientering om revisjonen, sentrale omgrep vart definert og hovudkrava i internkontrollforskrifta vart gjennomgått. Omfang og gjennomføring av revisjonen vart gjennomgått. 5 personar deltok på opningsmøte
- Intervju og synfaring 17. og 18.06.14: 8 personar vart intervjuet.
- Avsluttande møte 18.06.14: Avvik og merknader vart gjennomgått. Oppsummering med presentasjon av resultat. 3 personar deltok på sluttmøte.

I vedlegg 1 er det gjeve ein oversikt over deltakarane ved revisjonen.

9. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for kontrollen var:

- Aktuelle lovar og forskrifter
- Utsleppsløyver frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 03.03.10, utsleppsløyve nr 2010.021.T og nr 2010.022.T
- Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Verksemda sin eigen dokumentasjon knytt til den daglege drifta og til forhold som har noko å seie for helse/miljø/sikkerhet

I vedlegg 2 har vi satt opp ei liste over dokumentar som var spesielt viktige som dokumentunderlag for revisjonen.

Vedlegg 1

Deltakarar ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin revisjon ved Fjordlaks AS 17. – 18. juni 2014

Namn	Funksjon	Opn.møte	Intervju	Sluttmøte
Svein Flølo	Kvalitetssjef	X	X	X
John Lorentsen	Teknisk Fjordlaks	X	X	
Kjetil Clementsen	Personalsjef/ leder HMS avd.	X		X
Tor Endre Ørjasæter	Formann klippfisk	X	X	
Andreas Austnes	System og kontrollansvarleg	X	X	X
Idar Andre Olsen	Teknisk Aqua		X	
Niclas Dahlberg	Formann oljefabrikken		X	
Per Egil Skylstad	Avd.leder slakteri		X	
John - Erik Mathiesen	Produksjonssjef		X	

Fylkesmannen sin revisjonsgruppe: Reidun Sofie Schei og Anne Grete Kleven

Vedlegg 2

Dokumentgrunnlag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin revisjon ved Fjordlaks AS og Fjordlaks Aqua AS

Nedanfor har vi satt opp ei liste over dokument som var særleg viktig for gjennomføringa av revisjonen:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) av 13.mars 1981 med forskrifter
- Forskrift om systematisk helse, - miljø – og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 6.desember 1996 (Internkontrollforskriften)
- Utsleppsløyve etter forurensningsloven for Fjordlaks AS nr 2010.022.T datert 03.03.10
- Utsleppsløyve etter forurensningsloven for Fjordlaks Aqua AS nr 2010.021.T datert 03.03.10
- Eigenkontrollrapportar til Fylkesmannen for 2011, 2012 og 2013
- Inspeksjonsrapport frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 23.10.12
- Måleprogram datert 14.03.11
- Organisasjonskart over Fjordlaks AS og Fjordlaks Aqua AS
- HMS håndbok og da særleg:
 - Organisering av HMS arbeidet
 - Miljøriskovurdering miljø datert 20.03.10, oppdatert vår 2014
 - Prosedyre for håndtering av avfall (udatert)
 - Prosedyre for håndtering av farlig avfall (udatert)
 - Prosedyre for håndtering og lagring av kjemikaliar (udatert)